



i praksis

Talforståing og reknetrening

1. - 2. trinn

L97: Tal

L06: Tal

DEN TOMME TALLINJA

Lærer: Eva Jäger
Bøleråsen skole, Ski

Den tomme tallinja syner fram ein spennande og utradisjonell måte å tenka rekning på. Intensjonen er å setja barna sine eigne strategiar og hovudrekning i fokus. Metoden tek utgangspunkt i barna sine erfaringar med å telja. Strategien er å halde på det eine talet og dela opp det andre. Døme med $37 + 28$:

$37 + 10 \rightarrow 47 + 10 \rightarrow 57 + 3 \rightarrow 60 + 5 \rightarrow 65$

Det grunnleggjande barnet då må kunna er:

- å telja med ti om gangen frå kva som helst tal
- tiarvennar: kor mykje manglar på 7 for å koma til neste tiar (3)
- åttervennar: kor mykje har eg att av åtte når eg har teke bort 3

Metoden er fleksibel i bruk. Barna kan i starten hoppa med einarhopp frå 57 til 60 og frå 60 til 65. Dei kan etterkvart hoppa med tjue, eller meir viss det passar seg, i staden for ti. Nokre born vil like betre å hoppa til første heile tiar for deretter å hoppa vidare:

$37 + 3 \rightarrow 40 + 10 \rightarrow 50 + 60 \rightarrow 60 + 5 \rightarrow 65$

Ein tredje måte å løysa denne oppgåva på, er å "hoppa for langt" og så hoppa attende. Denne strategien er aktuell når talet som skal leggest til eller trekkast frå ligg nær ein heil tiar:

$37 + 30 \rightarrow 67 - 2 \rightarrow 65$

Elevane lærer også å setja ord på eigne tankar og handlingar. Ved å sjå at andre løysar stykka på ein lurare måte enn dei sjølve, lærer dei i tillegg strategiar av kvarandre. Slik vert den tomme tallinja òg eit hjelpemiddel for læraren til å få vita meir om korleis elevane tenkjer når dei reknar addisjon og subtraksjon.

Spørsmål til diskusjon

På kva måte skil denne modellen seg frå tradisjonelt arbeid med tallinja?
Korleis bør ein slik ny modell for addisjon og subtraksjon introduserast for elevane?

Kontaktinfo

Bøleråsen skole, Bølerkollen 2, 1405 Langhus

Tlf: 64 91 82 00

Internett: www.bolerasen-skole.no